



Fitjar kommune
Postboks 83
5418 FITJAR

Dato: 25.08.2015
Vår ref.: 2015/6435-3
Saksbehandlar: inggase
Dykkar ref.:

Kulturminneplan for Fitjar, 2015-2025

Oversendelse av saksframlegg med vedtak.

Per Morten Ekerhovd
fylkeskonservator

for Inger Lena Gåsemyr
Anette Durr Thomassen
førstekonsulent

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Arkivnr: 2015/6435-2
 Saksbehandlar: Elizabeth Warren, Inger Lena Gåsemyr

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet	136/15	20.08.2015

Kulturminneplan for Fitjar, 2015-2025

Samandrag

Kulturminneplan for Fitjar kommune 2015-2025 er lagt ut på høyring fram til 1. september 2015.

Planarbeidet starta opp etter oppmoding og delfinansiering til kulturminneregistrering frå Riksantikvaren i 2011. Kommune vart etter kvart deltakar i den fylkeskommunale satsinga «Kulturminnekompetanse i kommunane 2013-2016». Planen er utarbeidd av administrasjonen i kommunen. Det har vore høg grad av merdverknad frå lokale innbyggjarar. 25 frivillige personar med interesse for historie, har utført størsteparten av registreringsarbeidet. Der det har vore mangel på registratorar, har grunneigarane sjølv vore med å registrere.

Kulturminneplanen omfattar faste materielle kulturminne med hovudfokus på bygningsmiljø frå 1800-talet fram til 1940. Nokre bygningar frå 50- og 60-talet er og teken med. Den har status som kommunedelplan, delt i seks deler, med vedlegg om sakshandsamingsrutinar, oppslagsverk om definisjonar og omgrep, samt registrering av kulturminne med gradering av verdi frå A-D. Det er òg med ein tiltaks- og forvaltingsplan. Planen skal rullerast kvart 4. år, første gong i 2019. Tiltaksplanen skal rullerast ein gong i året.

Bilete og kart over kulturminneregistreringane er gjort tilgjengeleg på kommunen sine nettsider, <http://www.fitjar.kommune.no/nyheter/kulturminneplan-for-fitjar-kommune-offentleg-hoyring/>

Etter fylkesrådmannen si vurdering, er kulturminneplan for Fitjar eit godt grunnlag for å oppnå ei meir heilskapleg kulturminneforvaltning. Det er likevel trong for nokre justeringar og presiseringar. Fylkesrådmannen rår til at Fitjar kommune tek omsyn til merknadene og arbeider desse inn i planen før den vert endeleg vedteken. Administrasjonen i Hordaland fylkeskommune står til rådvelde for kommunen i oppfølginga av dette arbeidet.

Forslag til vedtak

1. Hordaland fylkeskommune er svært positiv til at Fitjar kommune har utarbeida Kulturminneplan for Fitjar kommune 2014-2018.
2. Hordaland fylkeskommune meiner at tiltaks- og forvaltingsplanen har gode tiltak som svarer på aktuelle utfordringar i Fitjar kommune.

Hordaland fylkeskommune rår kommunen til å prioritere gjennomføringa av tiltaks- og forvaltingsplanen og setje av eigne budsjettmidlar, utvikle lokale tilskotsordningar og satse på

rådgjeving av eigarar av kulturminne.

Hordaland fylkeskommune rår kommunen til å gje fritak frå eigedomsskatt for eigarar av prioriterte kulturminne i planen når denne vert juridisk bindande.

3. Hordaland fylkeskommune rår til at det vert gjort justeringar og presiseringar i planen i tråd med merknadene i saka. Administrasjonen i Hordaland fylkeskommune står til rådvelde i arbeidet.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Høyringsutkast Kulturminneplan for Fitjar, 2015-2025
- 2 Registrert kulturminne og verdivurdering

Fylkesrådmannen, 05.08.2015

Bakgrunn

Kulturminneplan for Fitjar kommune 2015-2025, er lagt ut på høyring fram til 1. september 2015. Målet med kulturminneplanen er å auke kunnskapen om lokale kulturminne i Fitjar, og få eit godt grunnlag for ei heilskapleg framtidig kulturminneforvaltning.

Planarbeidet vart starta opp etter oppmoding og delfinansiering til kulturminneregistrering frå Riksantikvaren i desember 2011. Det vart då danna ei prosjektgruppe med representantar frå landbrukskontor, plan og byggjesak, kulturkontor, bygningsvernkonsulent frå Hordaland fylkeskommune, samt ein frivillig historieinteressert person som arbeidde med forprosjektet. Sjølve registreringsarbeidet starta opp hausten 2012. Det har vore høg grad av merdverknad frå lokale innbyggjarar. Kommune har etter kvart vore deltakar i den fylkeskommunale satsinga «Kulturminnekompetanse i kommunane 2013-2016».

Kulturminneplanen omfattar faste materielle kulturminne i heile kommunen med hovudvekt på bygningsmiljø frå 1800-talet og fram til 1940. Nokre bygningar frå 50- og 60-talet er og teken med. Den har status som kommunedelplan og skal integrerast i kommuneplanens arealdel og i reguleringsplanar med føresegner og retningslinjer.

Føremålet med planen er mellom anna at:

- Kulturminneplanen skal vera kjelde til kunnskap og oppleving.
- Grunnlag for verdiskaping og utvikling av lokal identitet.
- Kommunetilsette og innbyggjarar vil få ei betre oversikt over kva som finst av kulturminne i kommunen.
- Kultur- og skuleetatane kan nytte kulturminna til å skape gode opplevingar og auka kompetanse.
- Vedlikehald.
- Sterkare fokus på kulturminne i høve til turisme.
- Kulturminneplanen skal bidra til å skape eit meir attraktivt lokalsamfunn.
- Planen er meint til å vera eit hjelpemiddel og eit verkty for samarbeid mellom privatpersonar og kommunen

Fylkesrådmannen si vurdering:

Fitjar kommune har mange verdifulle kulturminne og- landskap. Det er difor svært positivt at kommunen har gjennomført planarbeidet. Fylkesrådmannen si vurdering er at planarbeidet i hovudsak er i tråd med dei lokale utfordringane på kulturminnefeltet i Fitjar og den regionale satsinga i Hordaland. Ved neste rullering av planen bør ein òg ha fokus på registrering av kulturminne knytt til vår nære fortid og notid. Automatisk freda kulturminne bør og integrerast betre i planen ved neste rullering.

Høyringsutkastet, som har status som kommunedelplan, byggjer på dokumentasjon av kulturminne som gjev prinsipielle føringar for kommunal forvaltning og forslag til tiltak i planperioden. Som ein kommunedelplan er det sett krav til prosess, medverknad og politisk handsaming. Dette gjev ei sterk lokal forankring når planvedtak er gjort, noko som er ein stor føremon for kulturminneplanen. Det er elles særskilt viktig at planen vert integrert i kommuneplanen sin areal- og samfunnsdel, samt i andre kommunale planar knytt til friluftsliv, idrett, oppvekst, folkehelse, skule, barnehage m.m.

Forslag til vedtak:

Hordaland fylkeskommune er svært positiv til at Fitjar kommune har utarbeida Kulturminneplan for Fitjar kommune 2015-2025.

1. PLANFRAMLEGGET

Fitjar kommune har ein rik kulturarv, som er med på å gje staden identitet og unikt særpreg. I innleiinga vert det fokusert på kor viktig det er å ha detaljert oversikt og ei kulturell verdivurdering av einskilde objekt, for å kunne ivareta kulturminna på best mogleg måte i ei tid med mange nye tiltak. Målet med kulturminneplanen er å auke kunnskapen om lokale kulturminne i Fitjar, og å få eit godt grunnlag for ei heilskapleg framtidig kulturminneforvaltning.

Grunnlaget for å nå denne målsettinga har vore å:

- Gjennomføre ei registrering av faste kulturminne
- Gjennomføre ei kulturell vurdering av dei registrerte objekta.
- Utarbeide ein forvaltingsplan/handlingsplan for lokale kulturminne
- Synleggjere verdien av lokale kulturminne, og auke kunnskapen om korleis dei kan forvaltast, både av det offentlege og det private.

Det har vore høg grad av merdverknad frå lokale innbyggjarar. 25 frivillige personar med interesse for historie, har utført størsteparten av registreringsarbeidet. Der det har vore mangel på registratorar, har grunneigarane sjølv vore med å registrere.

Som del av registreringsarbeidet, har ein mellom anna gått i gjennom SEFRAK-materialet og merka av i planen der SEFRAK-registrerte kulturminne er fjerna eller bygd om. Det har elles vore eit tett samarbeidd tett med Sveio kommune i samband med registreringsarbeidet. Foto av registrerte objekt har vore lagt inn i fotodatabasen flickr, <https://www.flickr.com/photos/127940693@N04>

Planen er delt inn i sju delar, med tre vedlegg, samt skjema for registrering av kulturminne med gradering av verdi frå A-D. Del 1 er sjølve innleiinga med utgreiing om bakgrunn for planen.

Del 2 inneheld ein tiltaks- forvaltingsplan (handlingsplan) som skal rullerast ein gong i året, med prioriteringsliste og kostnadsramme. Her er det ført opp 18 tiltak som spenner frå tiltak som vøling av konkrete kulturminne, rydding av kulturminneløyper, tilsyn- og vedlikehald, etablering av betre sakshandsamingsrutinar, tilskotsordningar, verdiskaping og turisme, samt ulike tiltak for å auke kunnskapen om kulturminne lokalt m.m.

Del 3 inneheld ein historisk temadel som skildrar Fitjar si historie med utviklingstrekk fram mot ca. 1900. Kulturminne knytt til den historiske utviklinga er og nemnd her som: freda kulturminne, kulturminne knytt til landbruk og kulturlandskap, kulturminne frå skulehistoria, kulturminne frå fiske og sjøbruk, kulturminne frå samferdsle, kulturminne frå forsvarshistoria, kulturminne frå handelsverksemd, kulturminne frå industri, kulturminne frå tru og kristenliv og kulturminne det knyter seg segner og særskilde tradisjonar til.

Del 4 syner ei geografisk bredde der ein har delt Fitjar inn i ni område som ligg naturleg til kvarandre. Her er det teken med eit utval bilete for å vise breidda av kulturminne i kommunen. Den samla oversikta finn ein i registreringskjema der kvart enkelt objekt har gnr/brn, datering og verdivurdering. Det er elles skreve eit kort avsnitt om utviklingstrekk i byggeskikken frå mellomalderen til 1900.

Del 5 omhandlar andre kulturminne som kolerakyrkjegarden, kongsbrunnen, løypestrengfeste, ankerplass, misjonsåkeren, samt offentlege bygg og forsamlingshus.

Del 6 inneheld generell informasjon om aktørar og mynde, samt juridiske verkemiddel som er nyttig i høve til forvaltning av kulturminne.

Del 7 inneheld ei oversikt over kulturminne med klassifisering av verdivurdering (A-D), samt definisjonar og forklaring om kva utslag dette får for forvaltning av kulturminne.

Vedlegg 1 inneheld informasjon om sakshandsamingsrutinar når prioriterte kulturminne vert råka. Vedlegg 2 inneheld nyttige definisjonar og omgrep knytt til forvaltning av kulturminne. Vedlegg 3 inneheld forslag til føresegrer for omsynssone A og retningslinjer for kulturmiljø og andre kulturminne i omsynssone A.

Fylkesrådmannen si vurdering:

Fitjar har ei rik og variert soge som viser seg att i kulturspor frå nær sagt alle tider. Menneskeleg aktivitet gjennom 7000 år har sett preg på landskap, kulturmiljø og kulturminne. Både registreringsmaterialet og planen viser at ein står andsynes ei stor historisk skattekiste. Dersom ein ser landskapet i kommunen i nasjonal samanheng er det særlege kategoriar som gjer at Fitjar står fram: steinalderlandskapet som er sær s viktig i ein internasjonal samanheng, kulturminne i landbruket og kulturminne knytt til kystkulturen. Kulturminneplanen omfattar denne gongen faste materielle kulturminne i heile kommunen med hovudvekt på bygningsmiljø frå 1800-talet og fram til 1940. Nokre bygningar frå 50-60-talet er og teken med.

Samla sett grip kulturminneplanen om breidda i kulturarven i Fitjar og femner dermed om eit stort og vidt fagområde. Framlegget peiker også på det store ansvaret kommunen har for berekraftig kulturminneforvaltning og det store og unytta potensialet for kunnskapsformidling og utviklingsprosjekt knytt til kulturminne. Dette er svært bra.

Gode registreringar gjer at planen har gode føresetnader til å bli eit effektivt reiskap i det vidare arbeidet med kulturminne og landskap. Delar av det omfattande grunnlagsmaterialet som ligg til grunn kunne likevel vore noko meir integrert i sjølve planframlegget. Det ville gjort det enklare å etablere ei klar oversikt og grunngeving av prioriterte tema og kulturminne. I plandokumentet er det lagt lite vekt på å setje kulturminna i Fitjar inn i ein større historisk samanheng. Det fører til at ein ikkje får nok informasjon om t.d. årstal, geografisk plassering, eller kopling til regional og nasjonal historie.

Tiltaks- forvaltingsplan (handlingsplan) som skal rullerast ein gong i året, med prioriteringsliste og kostnadsramme bør omarbeidast. Det bør og utarbeidast tydelegare delmål om korleis dette skal bli prioritert. Eit tiltak som bør prioriterast er til dømes fritak frå eigedomsskatt for eigarar av prioriterte kulturminne i planen.

Forslag til vedtak:

Hordaland fylkeskommune meiner at tiltaks- og forvaltingsplanen har gode tiltak som svarer på aktuelle utfordringar i Fitjar kommune.

Hordaland fylkeskommune rår kommunen til å prioritere gjennomføringa av tiltaks- og forvaltingsplanen og setje av eigne budsjettmidlar, utvikle lokale tilskotsordningar og satse på rådgjeving av eigarar av kulturminne.

Hordaland fylkeskommune rår kommunen til å gje fritak frå eigedomsskatt for eigarar av prioriterte kulturminne i planen når denne vert juridisk bindande.

I del 3 og del 4 manglar enkelte bilete tekstforklaring, som f.eks. gnr/bnr. Det vert difor vanskeleg å finne dette att i registreringskjemaet. Skildring av utviklingstrekk i byggeskikken kunne ha vore utvida til og å gjelde fram til vår nære fortid og notid, då det og er viktig å få oversikt og kunnskap om den delen av kulturhistoria vår. Ved neste rullering bør difor kulturminneplanen og omfatte arkeologi, materielle og immaterielle kulturminne fram til vår eigen tid.

I del 6, som inneheld meir generell informasjon, bør det og visast til meld.st. 35 (2012-2013) *Framtid med fofeste*, regionale planar som mellom anna *Premiss: Kultur, regional kulturplan (2015-2025)* og regional plan for attraktive senter i Hordaland (2015-2026). Riksantikvaren sitt rettleiingsmateriale knytt til

verdisetting av kulturminner, samt forvaltning av kulturminne, kulturmiljø og landskap i høve til plan- og bygningslova kan og takast med som relevant informasjon. Hordaland fylkeskommune forvaltar kulturminnevernet på regionalt nivå. Det er Riksantikvaren som fattar vedtak om freding. Dette må rettast opp i teksten på s. 70.

I del 7 bør det gjerast eit redigeringsarbeid slik at planen vert meir brukarvenleg i høve til å få til betre samanheng mellom tekstedel, registreringsskjema og fotodokumentasjon.

I vedlegg nr. 3 bør ein ikkje blande verdikategori A med omsynssone A, men bruke plan- og bygningslova sine omgrep i høve omsynssone c og d, jf. pbl § 11-8, c og d. Vi har elles ingen vidare merknader i høve til dei føresegner og retningslinjer som er foreslått.

Arkeologiske kulturminne er viktige for forståinga av Fitjar sitt historiske landskap. Den arkeologiske saga kjem diverre i bakgrunnen og vert forstått meir som ei ramme rundt aktivitetar. Kulturhistoria i planen kunne teke inn meir stoff frå dokumentasjon som er gjort i samband med viktige fornminneområde i kommunen. Desse stadene har stort potensiale for bruk og formidling og for utvikling av lokal kjennskap og eigarskap til kulturhistoria.

Det er fylkesrådmannen sitt syn at med mindre endringar av struktur, tekst og bilete vert kulturminneplanen eit godt og tenleg styringsdokument for forvaltning av kommunen sine kulturminne.

Forslag til vedtak:

Hordaland fylkeskommune rår til at det vert gjort justeringar og presiseringar i planen i tråd med merknadene i saka. Administrasjonen i Hordaland fylkeskommune står til rådvelde i arbeidet.

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 20.08.2015

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Hordaland fylkeskommune er svært positiv til at Fitjar kommune har utarbeida Kulturminneplan for Fitjar kommune 2014-2018.
2. Hordaland fylkeskommune meiner at tiltaks- og forvaltingsplanen har gode tiltak som svarer på aktuelle utfordringar i Fitjar kommune.

Hordaland fylkeskommune rår kommunen til å prioritere gjennomføringa av tiltaks- og forvaltingsplanen og setje av eigne budsjettmidlar, utvikle lokale tilskotsordningar og satse på rådgjeving av eigarar av kulturminne.

Hordaland fylkeskommune rår kommunen til å gje fritak frå eigedomsskatt for eigarar av prioriterte kulturminne i planen når denne vert juridisk bindande.

3. Hordaland fylkeskommune rår til at det vert gjort justeringar og presiseringar i planen i tråd med merknadene i saka. Administrasjonen i Hordaland fylkeskommune står til rådvelde i arbeidet.